

**Badesesongen er opna!**

13.02.2008

**Finn Snuggerud, trufast feriegjest i Uskedalen, har ikkje overraskande opna badesesongen.**

Han har vore her dei siste dagane og teke forfriskande bad på morgonkvisten og av og til også om kveldane. Finn fortel til uskedalen.no at temperaturen i fjorden dei siste dagana har lege på fire grader, men det skremmar han ikkje det minste.

Onsdag reiser han attende til Oslo og dermed blir det ikkje noko meir utebading førebels.

Finn badar ikkje om vinteren i hovudstaden.

- Det er meir praktisk her i Uskedalen, der vi held til i eit fritidshus heilt nedtil fjorden på Eikelandet, seier den tøffe badegjesten.

Av Ola Matti Mathisen